

Olaf Agnar Gausvik

Daltrekk og draum



Foto: Kurt Hægeland

DEN VISE KVINNA

*- Det veit eg så vel,
det hev eg fornemt i min ungdom.*

Ei samling vers, dikt, songar og prologar
til og om Uskedalen

av

Olaf Agnar Gausvik

Andreas A. Bjelland

Wilhelm Bjelland

FOREORD

«Daltrekk» var namnet på det handskrivne bladet til Ulsedal ungdomslag. Et konkret og velkjent omgrep for folket i dalen, men som bladnamn var det underfundig og hadde dobbel botn.

Fleire av dei gamle protokollane finst framleis, og der kan vi lesa mangt og mykje om kva som låg i lufta blant ungdommene i det gamle byggdesambunnet.

Frimodig har eg lanteke dette namnet når eg her har samla mykje av det eg gjennom åra har forhatta om og til bygda.

Eg er av ei skrivande slekt. Det fell difor heilt naturleg å tas med morfar, Andreas A. Bjelland, sine vårsongar, og fleire av morbror, Wilhelm Bjelland, sine mange songar og høgtidsvers. Songen hans til Ulsedalen, er etter mi meinig, dei mest ekte og hjarterarme verssa som er skrivne til heimbygda vår.

Som det gamle «Daltrekk» er dette altså noko som først og fremst er tenkt for trufaste uskedalsvener.

God lesnad!

Hånes, 2020

Olaf Agnar Gausvik

P.S.

Denne sida har lege ute i fleire år, men dette er ein ny og noko omarbeidd versjon med ei rekke nye innslag.

ds




Foto: Jan Kopec



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

EG VEIT EIN DAL

Eg veit ein dal; ei grogrøn mil
inn mellom tind og nut.
Han ligg der som ein godsleg smil
som ikkje let seg stryka ut
or minnet mitt som gut.

Eg ferdast her i faren tid,
frå fjell til sva og skjer,
til fots i mark og bjørkeli,
i færingen i solskinsvêr,
og vinterdag på ski.

Eg veit ein gamal attgrodd veg,
ei låm frå gard til gard.
Der trødde eg med lette steg
så spent på kven som ha' sett far,
og kor den stigen bar.

Eg veit ei elv som fløymer fritt
frå fjell til open fjord,
og susen fyller øyra mitt
med song forutan ord;
den vakraste på jord.

Eg veit ein lett og vimen vind,
eit lint og varleg drag
som strauk meg kjærleg over kinn
og svala meg i annsamt lag;
menbeit ein hustren dag.

Eg drøymer tidd eg er på ferd,
eit flog i tid og rom,
attende til mi barndomsverd
og gamle skattekista som
eg aldri ser gå tom.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

DALTREKK OG DRAUM

(Tone: Flicka från Backafall)

Gøymd attom øyar; men fylgjer eg fjorden
langsetter landet på leitande ferd,
bikkar eg berre litt styrbord på roren,
stemner så fram til ei heilt anna verd:

Storsund med småskjer, med nes og med vikar
gjer meg så inderleg fegen og fjåg.
Her er eg sutalaus fante og frikar;
stilt glir eg inn på min heimlege våg.

Barndommens landskap, det kjende og kjære,
speglar seg vensamt i blikrande sund.
Her har eg ferdast frå fjell og til fjære,
no er eg gjest her ei signerik stund.

Eventyr er det for syn og for sansar,
fargane flyt og Vår Herre held fest;
berre ein svalande austavind dansar
alt medan solkula gløder i vest.

Her skal vi møtast som nabo og neste
utan å sjå etter bjelke og flis,
tolka all mistru og tvil til det beste;
venskap og vørndnad skal vera vårt vis.

Dette er draumen som ingen kan stela,
lever han i deg, så lengtar du heim
der du kan kjenna langt inne i sjela,
daltrekken mildna til linnaste sveim.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

SEPTEMBERSTILLA

Tone: Mull of Kintyre

Storsund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gilt og fargerikt raust her
når Storsund ligg stilt.

Blikrande fjordar var vakre å sjå,
viste meg vegen og eg la utpå.
Fergemann helsar meg myndig, men mildt,
han vil henta meg heim att til Storsund så stilt.

Storsund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gilt og fargerikt raust he
når Storsund ligg stilt.

Røsslyngen raudnar og kvelden er sval,
song strøymer til meg frå ungdommens dal,
trekkspelet tonar vemodig og vilt
heilt til natta står svart over Storsund så stilt.

Storsund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gilt og fargerikt raust her
når Storsund ligg stilt.

Smil kjem av solskin og tårer av regn,
minneblom veks berre der han får hegн.
Lyktene leier meg roleg og snilt
inn mot vågen og våra der Storsund er stilt.

Storsund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gilt og fargerikt raust her
når Storsund ligg stilt.

Storsund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gilt og fargerikt raust her
når Storsund ligg stilt.



Foto: Uskedal utvikling

BARNDOMSMINNE

Tone: Fields of Athenray

Vil du bli med i ein song
om gleda frå den gongen
verda var vår barndoms grøne dal?
Skal vi henta fram og sjå
på den tida vi som små,
hadde framtidsvon og fine ideal.

Refreng:

Mi bygd, min barndoms store frys!
Her ber eg fram min song utan blygd.
Eg kan hugsa eg var kjend
på kvar gard og i kvar grend
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.

Som ei sirleg sølvsmidd snor
fann elva veg mot fjorden,
framom gilde hus og gamle tun.
Og når dagen leid mot kveld,
vart vår himmel raud som eld
heilt til natta kom så løyndomsfull og lun.

Refreng:

Mi bygd, min barndoms store frys!
Her ber eg fram min song utan blygd.
Eg kan hugsa eg var kjend
på kvar gard og i kvar grend
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.

Men i sjøfok frå søraust
og vind frå vest om hausten,
lærde vi kva storm og uvêr var.
Vi fekk age og respekt
for vår arbeidssame slekt
som så ivrig sette bu og rydja gard.

Refreng:

Mi bygd, min barndoms store frys!
Her ber eg fram min song utan blygd.
Eg kan hugsa eg var kjend
på kvar gard og i kvar grend
og hos godtfolk i mi barske barndomsbygd.

Og når året var på hell,
med sola gøynd bak fjella,
venta vi på vinterfrost og snø,
og på skeiser og på ski
hadde vi ei signa tid
på ei islagd elv, i bakkar og på bø.

Refreng:

Mi bygd, min barndoms store frygd!
Her ber eg fram min song utan blygd.
Eg kan hugsa eg var kjend
på kvar gard og i kvar grend
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.

Men vi lengta sårt kvart år
så tålmodssamt mot våren.
Vekt vart alt det skaparliv som sov,
av ein var og venleg bris,
som på mildt og vakkert vis
gav oss kunnskap om naturens gamle lov.

Refreng:

Mi bygd, min barndoms store frygd!
Her ber eg fram min song utan blygd.
Eg kan hugsa eg var kjend
på kvar gard og i kvar grend
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.



Kristian Olav Bringedal ror sin strandebarmar. Foto: Øystein Enæs

EI SIGNA STUND

(Tone: Ferry cross the Mersey)

Lynkledde småskjær, og sund.
Solskiva raudleitt og rund.

I færing etter fjorden
ser eg alt som eg har kjært
- ei signa stund -

Grogrøne bakkar og bø,
botnalaus, blikrande sjø.

I færing etter fjorden
langs bryggjer, naust og stø
- ei signa stund -

Mjuklynde smil rett imot meg,
det er som alt vil sei:
- Eg har stasa meg opp for deg.
Kva synest du så om meg ?

Svaret kjem stillsleg og snilt:
- Her er alt like gildt!

I færing heim frå fjorden,
inn til bygda eg har kjær.
- ei signa stund -
- ei signa stund -
- signa stund -



Foto: Ukjent

DEN GONG DÅ

(Tone: Vi tar en rungende..)

Eg huskar godt då eg va liten gut,
at adle vaksne såg so gamle ut,
og at dei klagar seg for verk og gikt,
men gjorde alltid meira enn si plikt.

Dei unge gifta seg når dei va nødt,
og adle bodno dei va heimafødt.
Om barnehage va da ikkje snakk,
vi berre heldt oss fast i mor sin stakk.

Og snottaunga dei fekk kamferklut,
vår framtid spådde vi i kaffigrut,
og vi laut læra oss å hjelpe te,
og bygdaslarvet sku vi teia med.

Vi måtte eta da so va sett fram.
Å ikkje lika noke, da va' skam,
om da va lutafisk og komledott
so sku da svelgjast som om da va godt.

All vask og reinhald va ein evig kamp
for badekaret vårt da va ein stamp,
og nesten adle hadde utedo
med hardt avisepapir og plass te to.

So mangt eit klesplagg da vart omatsytt,
og vart so fint at da va nett so nytt,

og beksaumstøvla kunde gå i arv
heilt ner te aller yngste gutalarv.

I skulen gjekk vi bare an'kvar dag,
og bibelsoga va eit viktig fag.
Vi pugga alt ihop med største flid
so vi sku huska da te evig tid.

Kvar haust ga skulen oss potetefri
og arbeidsløno vår va kroner ti.
Slik fekk vi samla oss litt kapital
te helselagsbasar med åresal.

I sundagsskulen vart da sagt med fynd
at da va veldig mykje so va synd.
Så vi ba fint til Gud kvar enda kveld,
men gjorde fantasykkje likavel.

For vi fann på so monge sprett og spel
at du vil berre tru ein liten del.
Og keisemd va for oss eit ukjent ord
som eg fekk læra fyst då eg vart stor.

Vi hadde alltid godt og laglig vêr
når bare regnet ikkje ausa ner,
og vinden ikkje snudde på søraust
so vi laut tjora fast alt so va' laust.

Men da skein alltid sol på sytt'ne mai,
og kvar ein småplass hadde dampskipskai
der rutebåten kom med last frå by'n,
med alt frå hesjastreng te havregrynn.

Og langs ein smal og gruslagd vei te dals
sto mjølkerampane i hundratals
for vi va bondebygd med bondeskikk,
med handelsverksemd og sardinfabrikk.

Vi snakka grei og tenleg dialekt
so Ivar Aasen va for oss perfekt.
Da skjøna ingjen når vi kom te by'n,
men heldigvis har dei forandra syn.

Og mykje meira sku eg ha fortalt,
men da e' ikkje råd å ta med alt,
so e' da noke du vil leggja te
må du no sei ifrå, og få da med.

/:Ja, da va den gong då, og ikkje no,
og da tok åravis før vi forstod
at da va lukkelege badnaår
om vi vaks opp i svært so enkle kår.



Foto: Kuhund - *Littorina littorea*

FISKE MED NOKO ATTÅT

To smågutar langflat på bryggja
- lukta av nytjøra plank -
lagar seg handaskyggja
der sjøen ligg speglande blank.

Ser stintene nippa og nappa
utan å hekta seg på,
ventar på rotalappa'
som alltid er lette å få.

Ser onglane hengja der tomme -
leitar med lite grann hell
opp or ei brokalomme
ein kuhund og to karamell.



Foto: Eiga bilesamling

SKATTEØYA GULLHOLM

Då vi var smågutar las vi boka
om Skatteøya og kaptein Flint
som der grov ned sine gulldublonar
og teikna sjøkart og la ut hint.

Vi fylgte Hawkins og Long John Silver,
den sleipe kjeltring og mytterist,
og var ulideleg spent på kven som
sku' berga gullskatten heim til sist.

Så song vi verset om dau manns kiste,
om femten mann og ei flaske rom,
for der var nærrare skatteøyar
enn dei som Stevenson dikta om.

På Gullholm hadde jo meistertjuven,
Gjest Baardsen sjølv, gøymt seg bort ei natt,
den gong han rømde frå Halsnøy kloster;
så sjølvsagt låg der ein bortgøymd skatt.

Vi gjorde landnåm og saumfor holmen,
vi grov i mosen og snudde stein,
men såg 'kje snurten av skattekista
og ingen sporteikn av bleike bein.

Men godt i le låg det og ein løyndom,
ei sokken skute med morkna spant,
der dykka vi til vi mista pusten,
men tang og tare var alt vi fant.

Vi let oss lura av Gullholm-namnet,
det fekk vi sjå då det lei mot haust
og ospetrea fekk gule lauvblad
som skalv og bivra så hjelpelaust.

Ein sorgfri sommar langs skjær og strender
som lykkejeger og glad pirat,
gav lite gullmynt i mine lommer,
men barndomsminne av høg karat.




Foto: Endre Myklebust)

REKORDJAG.

Når nokon spør meg om
mine personlege rekordar,
understrekar eg sterkt
at dei alle er settet på låglandsbane
og utan start- og stoppeklokke.

På den naturfrosne isflata på Uskedalselva,
rundt granittkaret under skulebrua,
var vårt heimlege Alma Ata
der rekordane dagleg fall.
På defekte skruskeiser
med hardt strama reimar,
nyslipte på smergelskiva til Adolf skomakar,
presterte eg betre kvar einaste gong.

Etter dristige hopp
frå sjeppekasse i Bertelsbakken,
gjorde eg tre spektakulære hopp
i den store Døsskollen;
det beste med dramatisk fall.

Med skuleskimerke sydd på anorakken,
på splitkein-ski frå Bonna
med kandaharbindingar,
sjølv påskrudde stålkantar
og godt smurde med blå Swix,
kjende eg blodsmaken i munnen
og pipinga i dei astmatiske bronkiane
(mjølkesyre visste vi ikkje om,
men ho var der i rikeleg mon).

Spør ikkje meg om personlege rekordar
målte i meter, timer og minuttar,
for eg har i ungdommeleg leik
konkurrtet mot min sterkeste motstandar
og vunne over meg sjølv.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

DEI GAMLE MORELLTREA PÅ RØD


Hugsar du morelltrea på Rød
der vi stal sôte og saftfulle bær
i ljose sommarnetter?

Hugsar du Helge-Nils'n
som med sterke og hage hender
hama og hegna om dei
så dei stod der fint fjelga
som ein triveleg syskenflokk?

Hugsar du angen
og humlene som surra
i dette paradiset av tusen blomar?

No skrantar dei
som andre gamle,
og mosen gror på knudrete greiner.
Men i mai set dei enno blom som lyser
mot dei snøkvite toppane på Melderskin
og får meg til å stansa, trollbunden,
tenkja attende og minnast.

Eg vert meir og meir glad i
dei gamle morelltrea på Rød.



(Teikning av tunet unde' Eikjo. T. H. Myklebust)

ANNA UNDE' EIKJO

Eg har henta fram frå minnet
slikt som ein gong vart fortalt.

Eg har bladd i gamle bøker,
men dei seier ikkje alt.
No vil eg dra ut på reise
gjennom tid og gjennom rom.
Vil du vera med til tunet,
som eg har eit minne om?

- Skal vi møtast unde' eikjo?
Har du tru, så har eg von.

Svar meg, for vi lyt avgarde,
ferja løyser snart frå land,
vi er ferdafolk som ventar,
kjenn, eg held deg trygt i hand
når Knut flyttmann dyppar åra
merkt med "Haab" - så den med "Tro",
vender båten opp mot straumen
og tar sindig til å ro.

- Vi skal møtast unde' eikjo.
Har du tru, så har eg von?

Kva er målet ditt Knut flyttmann?
Dreg du berre for å snu?
Vegen din går støtt attende
til eit grått og vesalt bu
der du sår to tønner havre
og kan fora fem-seks kyr.

Kva er svaret ditt Knut flyttmann?
Er det alt som livet byr?

- Skal vi møtast unde' eikjo,
Har du tru, så har eg von?

Enkjemann på gamle dagar,
Brita kviler i si grav,
borna dine, ti i talet,
fer sin veg. Kor blir dei av?
Sorg og sut og tunge tankar
jagar du frimodig vekk.

Nausthaug-Anna vart di berging
då du hennar ja-ord fekk.

- Vil du leva unde' eikjo?
Har du tru, så har eg von.

Ferja er forsvarleg festa,
"Haab" og "Tro" på aksla lagt.
Kjenner du det stikk i brystet?
Armen din er utan makt.
Tunge steg i bratte bakkar,
moe kne og trøytte bein,
men der sit ho, ventar på deg,
gamle far sin augnestein.

- Vesle Anna unde' eikjo.
Har du tru, så har eg von.

Sjå, der stabbar ho i tunet,
vesla tek dei fyrste steg,
og du stansar opp og undrar:
Kva skal verta hennar veg?
Kjærleg tek du henne til deg.
Høyrer ho ditt siste ord
der du kviskrar stilt eit ynskje
som gjeld både barn og mor:

- Anna, bli her unde' eikjo!
Ver mi tru og trygge von!



"Anna unde' Eikjo" og ektemannen Andreas A. Bjelland. (Frå eiga biletksamling)

VAARSONG av Andreas A. Bjelland

Nyss var det so myrkt og so audsleg og kaldt,
for fjelli dei høge og harde,
stod stengde for soli omrent over alt
mens sjølve dei solad sin varde.
Der nede i dalen var armod og trong,
det sukkad i røys og i tuva,
mens høgfjellet stod der so byrg og so fjong,
med solglitter rundt om si huva.

Men rett som det var saag me vaarsoli rann
og nedover lidarne blenkte
og straks over høgfjelli ogsaa ho vann,
som stod der so lengje og stengte.
Men daa vart det hugnad og liv kan du tru,
der nede i lidar og lundar.
Daa vekslad det om i fraa sorger og gru
til lovsong fraa tusen av mundar.

Smaatrei som som stod der so arme og stor,
og soli sin livsvarme sakna,
og alt det som sukkad i tuva og ur,
det brynte daa livna og vakna.
Det grønkast i bakkar og lauvdest i lid
og blomarne brynte aa spretta.
Aa du for ei sæl og hugnadsfull tid
naar vaaren si koma me fretta

Gud gjev at me ogsaa ein gong maa faa sjaa,
den sol over høgderne skina,
som inn til vaart hjarta med straaler kan naa,
og hardisen derinne tina.
So ikkje dei høge som styrer og raar,
faar lenger - som høgfjellet stengja,
so ikkje Guds rettferdssols livssæla faar
der ned til dei laagare trengja.

VÅRSANG av Andreas A. Bjelland (skriven i 1906)

(Tone: Jeg har båret lerkens vinger)



Norske vår du skjønne milde,
o vad fryd du bringe kan,
ja du er en trøstens kilde,
for alt som ånder i vårt land.

Alr hva vintrens storm og kulde
har i grav og dvale lagt,
kaldes frem fra ur og mulde,
blir på nytt til livet vakt.

Megen kummer, nød og plage
stilner av og lindres ved,
dine lyse, skjønne dage
og all din prakt og herlighet.

Se når morgensolen gyller,
fjell og lier, haug og vang,
lytt når fugleskaren fyller
lunden med sin frydesang.

Se når alle markens planter,
tar sin mørgekjole på,
da når duggens diamanter
funkler på hvert lite strå.

Se når aftensolen vinker,
smilende godnatt til lands,
mens den seg i havet senker
som en gyllen stråle-krans.

Tenk så om at vi tilfulle
kunneprise vårens bud,
da vi også sikkert skulle
prise glad vår allmaks Gud.




Foto: Hans Ordin Østebø

SONG TIL USKEDAL av Wilhelm Bjelland

Tone: Å nei for himmel ..

Eg veit ein fredsam fager dal
mi kjære heimbygd Uskedal.
Alt her er kjært, vel er eg kjend
med bø og bakkar, tun og grend.

Her vaks eg opp og levde vel,
mi bardomstid so glad og sael
Eg sprang ikring, so glad og fjåg,
for vent det var alt det eg såg.

Som oftast Storsund blankt og blidt,
der speglbilete såg eg tida.
For lid og tind, ja hus og bø
dei spegla seg i blikkstill sjø

Og kring om dalen fagre fjell
med snøkledd tind og blåe kvelv,
med solgull på, og elv og bekk
i grøne lid, som sølvband hekk.

So mange ting eg her har kjær ja,
fjell og fjøra, sjø og skjær.
Dei grøne lider, høge fjell
og elvesus i stille kveld.

Ja, her eg veit til siste rest,
mi hjartetåg vil vera fest,
med sterke band til fjell og dal,
mi fagre heimbygd Uskedal.



Mannsvatnet mot Tysnes. Foto: Kristian Olav Bringedal

KVINNHERADMINNE av Wilhelm Bjelland

Eg minnast bygd med grend og tun,
vel kransa inn av lid so lun
og bø og bakkar vidt ikring
med lauvskog fin på rabb og rind.

Eg minnast strand med naust og vor
ved vik og våg og glitrefjord.
Og tur i båt ei vårvelds-stund
på damstill fjord og blanke sund!

Eg minnast fjell med ufs og ur,
med juv og jel og fossebur.
Og utsynstind med kvite bre
og fager let når sol gjekk ned!

Eg minnast fagre Solfjellslid
ein solblank kveld ved jonsoktid.
Då auga søkte langt der ut
med kveldsol raud ved Hovlandsnut.

Eit minne og er kjært og gøynt:
Du Vatnastøl vert aldri gløymt!
Når soli gylte Fagerlid
eg gløymde både dag og tid.

Og kvilesstad ved Kjeldhauggard.
Her sat då ofte fjelltrøytt kar
og naut ei stille god og stor
og syn av bygd og blåe fjord.

Eg minnast bygd i fred og ro.
Eg minnast grend og granne god,
og hjartelag og dugnadsånd
og mang ei trugen slitarhånd.

Tidt eg i "minneboka" ser
og mang av gildt då fram seg ter.
Men klåraste dei alltid står
dei gode minne frå unge år.



Foto: uskedalen.no

VED BAUTASTEINEN

Stø var handa
som sette meiselen.
Sterk var armen
som svinga feiselen.
Eit merke til minne,
ein bauta til æra,
reist her i vørtnad
for bodskap å bera

om hermann frå bygda vår, her sett i stein,
Samson og Søren, Ludvik og Svein,
kalla til kamp i ufredens år,
sende i strid for fridomen vår,
Ola og Hagtør, Anders og Berge,
Torgeir og Jens, for landet å verje.

- Vern oss mot fienden! Varden er tent!
- Fram i felt, Bergenhus regiment!
To bataljonar rustar seg ut.
- Inn i rekkja uskedalsgut!
Marsj til grensa mest utan stans,
Gutorm og Halvar, Johannes og Hans.

Sør til Fredrikstad fer grenaderane.
Aust over Filefjell dreg musketerane,
framme ved Kongsvinger der slår dei leir,
motet er stort og mannskapet meir,
børsa er pussa og krutet er turt,
her skal nok svenskane koma til kort.

Stø var handa
som sette meiselen.
Sterk var armen
som svinga feiselen.
Eit merke til minne,
ein bauta til æra,
reist her i vørtnad
for bodskap å bera

for spreidde vart slaga og sjeldne vart skota,
og heldig var han som fann seng i ei såta,
for mange låg ute og svalt og fraus
mens regnet sila og snøen draus.
Forsyninga svikta, fillene slong.
Kjem det ikkje til fred nokon gong?

Utrygge unggutar kjempar sitt beste
og kampen mot sjukdomen han er den ve' ste.
Lasarettet skal vera den sikre død.
- Høyrer du Anders, og Ola frå Rød,
Aslak og Paul, Eirik og Svein?
Tyfusen herjar! Tar ein etter ein.

Den gongen dei drog, var dei tjueni.
Tjuefire kom heim etter fullført strid.
Til Dønhaug kom ikkje Johannes og Lars.
Ola frå Kjærland kom aldri til svars,
og kjende og kjære sat att og gret
for Hans ifrå Musland og Ola frå Fet.

Stille legg mannen
sin meisel i kista.
Armen kan kvila,
runene rista.
Eit merke til minne,
ein bauta til æra,
reist her i vørtnad
for bodskap å bera.



Krigsminnesmerket på Stemnepllassen.

MAI 1945 av Wilhelm Bjelland

(Skrive til 17. maifesten i Uskedalen 1945 og lese av Lars P. Haugland)

Fienden fallen, fridom og fred
etter her rår i landet.
Me lenge hev venta det skulle skje
me løyst vart frå trellebandet.

Me lenge vil minnast ein maidag,
so fagert og gjevt eit minne.
I andakt me heiste vårt frie flagg
mens tårene rann på kinnet.

Vonde dei var, dei år som gjekk,
fienden herja og øydde.
Noreg, vårt land, for kvart sår du fekk,

det var som vårt hjarta blødde.

Fredelege grender, byar og hus
fienden herja og brende.
Lukkelege heimar vart lagt i grus,
i døden gjekk kjære og kjende.

I døden for fridom, land og folk,
for at landet det skulle leve,
for å fria vårt folk frå svipa og svolk
dei hugheilt sitt liv har gjeve.

Fåfengt, det var 'kje, me veit det no
det blod som i kampen har runne.
No råder her atter rettferd og ro,
me atter vår fridom har vunne.

So takkar me han som styrer alt,
som fridom og fred kan gjeve.
Han signe og minnet til dei som fall,
me veit det vil lenge leve.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

TIL 17. MAI av Wilhelm Bjelland (Tone: Dei gamle fjelli ..)

Å du vårt land, vårt fedreland, idag er dagen din.
Og prydd til fest, frå hav til hei, du vent imot oss skin.
No bygd og by, og gard og grend, dei helsar deg so blidt.
Og songen tonar varm og glad, for landet, ditt og mitt.

No dei som ein gong landet vann, me gjerne minnast vil,
i truge slit dei fram det bar, med sveitte, gråt og smil.
Dei berging fann i mager jord, på sjø, i skog og fjell.
Om striden den var tung og hard, dei fann då lukke lell.

I kjærleik varm, til heimleg strand, so mang ein gasta kar
her sleit seg ut på tungsam gard, i kjende kjære far.
I takksemd står me her idag, til deg du gode gut
som etter strid for heim og land i gløymde grav sør ut.

Jau strid her var, me veit det vel, den kosta liv og blod.
Dei vakta vel sitt heimlands rett, og sterkt i striden stod.
Difor me no, med glød i hug, på denne Noregs dag
i audmjuk takk, for fedres verk, me heisa vil vårt flagg.

Me minnast og ein dag som no kvar flaggstong naki stod,
og landet vårt vart herja ilt av framand rovdyrklo.
Me sleit oss gjennom, dag for dag, i lange tunge år,
då gode nordmenn fekk si grav og landet leie sår.

Men sigeren me vann til sist, og valdsmenn laut i kne.
Ein vårdag fin var striden slutt. No var det atter fred!
I vårsol-flaum, då flagget vårt i raudt og blått og kvitt
på torg og tun seg falda ut, for landet, frelst og fritt.

So takkar me for fridomen, for gode kår, og fred.
Må arven god me byggja opp, og aldri riva ned!
Til det me legg vår vilje til, kvar kvinne og kvar mann.
Gud signe då kvar heim og grend! Gud signe Noregs land!



Foto: Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Utsikt mot Huglo.

SUNNHORDLAND av Wilhelm Bjelland

(Tone: Me standa her ..)

Å Sunnhordland, med skog og fjell og fjord.
Med blide bygder, grorik fedrejord.
Med sund og skjer og blikrevik og våg.
For auga aldri slikt eitv syn du såg.

Sjå solgylld bre i høge nut og fjell.
Sjå grøne lid der kåte fossar fell.
Sjå skogkledd øy som sym på blåe fjord.
Høyr skogasusen du, og songfuglkor.

Høyr dur av havet langt der ut i vest.
Sjå båra du mot strandi bryt og brest.
Sjå ut der du når himlen vert som eld,
når sol går ned ein fager sumarkveld.

Ja, Sunnhordland i aldrar bygt og rudit,
hev vakse fram i slit so seigt og trutt.
Di soge rik me finn i jord og stein.
Ho talar vent om både møy og svein.

Nosov dei ut i røys og gløymde grav,
dei mange som oss gjeve arven gav.
Dei og, som me, her trivd og hugnad fann
i truge slit på bpåde sjø og land.

Du signa land, som skapte dug og mot,
og gav sitt folk so sterk og god ei rot.
Ei bøn me bed so varmt me berre kan:
Gud signe deg, du fagre Sunnhordland!



Foto: Ola Matti Mathisen

PROLOG TIL 85 ÅRS-HØGTIDINGA I USKEDAL UNGDOMSLAG 24.11.1973

Under fjellet, ned mot fjæra
unte mellom fonn og fjord
folk som hadde sitt å gjera
på ei skrinn, men solvendt jord.

Og om Skorpo var eit stengje
for den verda som dei såg,
fanst der vengje
for eit tankeflog.
Slike tankar kan slå rot
og bløme,
ta som døme
då dei nitten sette fot
nder eige ungdomslag.

Ein novemberdag
samlast dei i skulestova
om ein ung idè,
samsnakkast og lova
kvar og ein, å vera med
på å gjera røyndom
av den draumen som til då
hadde levd i løyndom
hos dei få.

Alt i dette fyrste halvår
møttest dei kvar sundagskvelden,
skifte ord i skjempt og alvor,
og dei fleste laut i elden
og sei sitt om
alt frå røysterett til jordbruksdrift,
eller lesa litt som
dei fann fram frå blad og skrift.

Der må og ha vore sagt
somt om kunnskapar og makt,
for dei meinte at dei trong
noko meire skulegong
i norsk og reknefaget.
Såleis vart der skuledrift i laget.

Slik slo tankar ut i blom
fordi alle verna om
fræa som vart sådde
Og kvar gong den ånda rådde
såg dei ingenting for stort.
Difor fekk dei også gjort
ting som vi i tyngre stunder
ser som reine under.

Helgheim - huset for ei hugnadstund.
Sterkt står du i mangt eit minne.
Alle dei som nett her inne
måtte ”ågra med sitt pund”
for å gleda eller læra,
hugsar vel at nett den æra
som dei hausta der og då,
var å veksa på.

Spør vi formannen som lite villig
fyrste gongen tok mot val,
om han kjøpte si erfaring billig?
Ja, då veit vi lite om det bal
han tok på seg.
Men den dagen han legg klubba frå seg
vil han vedgå:
Det var givande å vera med på.

Spør ”Riborgia - mi rosenborg”,
”Dreng som duger” eller ”Brennefolka”
om det stoff dei bar til torg
ikkje var eit slit å tolka?
Og du får det underskrive.
Men når Jon'n slo seg laus
under dundrande applaus,
var det sakte løn for strevet.

Spør den Daltrekk - journalist
som med alt for liten frist,
skulle pressa talg av trebukk.
Då han hadde lese opp sitt småplukk,
gjekk det opp for han
at eins eigne linje
kan slå betre an*
enn både Wildenvey og Vinje.

Når så festen utpå kvelden
gjekk imot dei store høgde',
var det ikkje sjeldan
at dei og i komiteen var fornøgde.

Slik har dei som ofra kraft og tid,
kjent at det å stå for ståket
alltid vil ha sitt å gi,
men ein kan få gnag av åket
om ein må dra med på krubba
dei som sku' gå bak og skubba.

Må då alle stå imot
så vi ikkje nå forsømer
tanken som frå gamal rot
framleis kan gi skot som blømer.
For imellom fonn og fjord
er der ennå mangt å gjera
her på denne flekken jord
under fjellet, ned mot fjæra.



Foto: Magnhild Haugland

PROLOG TIL 50 ÅRS-JUBILEET I USKEDAL IDRETTSLAG 23. APRIL 1977

Å velja seg april
er før blitt gjort
med aller største hell.
Vi gjer det ein gong til,
bles kvardagstyngsla bort
og ber til idrettsfest i kveld
i trua på at folk i dalen,
vel vakne etter vinterdvalen,
vil vera med å jubilera.
Velkomne med æra!

Nett den same trygge tru
på trong til aktiv livsutfalding
låg til grunn i tjuesju
for ei mindre samankalling
- som dei kanskje angra på
då dei såg kor få
som møtte.
Men dei må ha fått den støtte
som dei meinte at dei trong
for å gå i gong,
for resultatet feirar vi i dag:
USKEDALEN IDRETTSLAG.

Ei sunnare sjel, i ein sunnare kropp,
var målet den gongen det vart starta opp.
Ein tumlelass fann dei seg oppe på Heio,
Sivert gjekk føre og staka ut leio
og såleis kom leiken i gong.
Og til leik
har vi trong.
Der finn du ei kjelde til livsmot og kveik
som aldri vil tryta.

Ja, mykje og mangt kan vi uanstrengt yta
slik ungane gjør,
sutalaust friske i heile si ferd.

Men vil du nå vidare fram, må det øvast,
og styrken du vinn deg må herdast og prøvast
i kappestrid med konkurrentar,
og slett ikkje støtt går det slik som du ventar,
for den som så glad gav seg med ut på leiken
får og smaka steiken.

Men dersom du lære'
av feila du gjere,
kan treninga kanskje bli rettare
og framgangen meldा seg lettare.
Så om det no berre sku' halda til sòlv,
så vann du ein siger over deg sjølv.

Men aldri har alle kunna bli best,
så laget må vera for bygdafolk flest
om det skal samla i høgtid og yrke.

Her har det sin styrke,
for nett ved si blanding av alvor og gaman
kan laget ha plass til oss alle saman.

Billett får den sjølv gode betrevitar,
men meir trengst ein trugen tribuneslitar
som veit at dei prøver å gjera sitt beste
også når fotballen er på sitt ve' ste.
Her er plass for ein Per, men og for ein Pål,
den eine kan stoppa, og hin skyta mål.
Vi treng eit talent ved høgdehopplista,
tar mot kontingent ifrå pensjonista',
verdset ein innsats som banemester
og gjev pokalen til den som best er.

Vart dette vel mykje snakk om menn?

Jau, vi vedgår vel det
at fyrst litt om senn
kom jentene med.

Men det kan rettast på feil.
Det halve
kan gjerast om til ein heil:
For idrett skal vera for alle.

Mykje er gjort gjennom femti år
ved samhald og dugnad.

Mange har slite så ryggen var sår,
men og hausta hugnad.

Slik har det vore og slik bør det vera
når ein set mål for kva ein vil gjera.

Dei valde seg april
dei vi i dag gjev æra.
Vi gjer det ein gong til
og fortset ferda.
Å sjå at så mange er med oss,
det gled oss,
for då kan vi vona
vi aldri vil sakna to hovudpersona'
som idretten ikkje kan klara seg uten:
Guten i mannen, og mannen i guten.



Foto: Arkivet til Uskedal ungdomslag

HYLLEST TIL MUSIKKEN

Prolog til 50 års-høgtidinga for Uskedal musikklag i 1986.

Spelemenn!
Vi lever i ei tid
som kan synast kjenslekald.
Vi ser strid
og vitlaus vald
i overmon.
Men ein speleemann
må ha den von
at nettopp han
i ei frosen sjel,
kan finna understengjer
som vil klinga med når tonen fengjer.
Difor: Spel!
For er tonen klår og klokkerein,
veit vi han kan sprengja stein.

Ord når ikkje alltid fram til folk
slik som dei fortener.
Til og med imellom vene
kan ein stundom trenga tolk
- så mykje godt har vore sagt
for dauve øyre - .
Men musikken har ei makt
som får mange til å høyre
når du talar dette tonespråk
så fullt av dialektar,
lokka fram ved bogestrok,
ved blåsing eller plektar.

I musikken er det liv.
Dunkande som hjarteslag
kan du kjenna rytmen driv
tonen fram i taktfast jag.
Mjuk og var kan tonen vera
som ein bris ein sommarkveld,
like fullt så kan han bera
fram ein bodskaps varme eld.
Men som vinden fra soraust,
kan musikken gjera småkast,
skifta mellom ro og bråhast
før han lyfter taket laust
når han tung og risesterk
går den villaste berserk.

Med alle desse uttrykksmåtar
kan de gle oss,
og eit ute låtar
kan de gje oss.
Dirigert med myndig hand
kan eit lite, samspelt band
slå isaman sine pjaltar
så det lyser på musikkens altar.

Lukkelege spelemann!
Tal til oss,
du som har fått tusen tunger.
Spel for oss,
du som har fått livsens pust i dine lunger.
Blås oss "Ut mot havet"
så vi høyrer bylgjeskval.
Spel oss bort frå kvardagskavet
i ein "Song mot solefall".
Opna "Portane av gull"
for vårt indre blikk.
Syn oss at vår verd er full
av musikk.



(Foto: Aud Karin Bjelland Løyfall)

PROLOG - USKEDAL KYRKJE

Godtfolk!

Vi ber til fest for å sjå attende.
Eg ber dykk med på ei lyrisk ferd
som går i gammalt og tilgrodd lende,
og helsar difor slik volva gjer:

Om ljod bed eg alle
helga lydar,
store og små
søner åt Heimdall.
Det vil du, Valfader,
at vel eg fortel
frå fyrndeheim
det som fyrst eg minnest.

Langs elva Osk ser eg som i draumen
ein jeger vandra i arilds tid.
Der ser han auren i stride straumen,
og hjort som beiter i bratte lid

der bjørka strevar seg opp i høgda
mot glitretindar med sol og snø,
og ned i dalbotnen er det nøgda
av blide bakkar og graskledd bø,

og Skorpo ligg som ein vaktsam drake
og skjermar sundet så blikrestilt
at han ser nisa og kobben vake.
Han synest allting er berre gildt.

Så han vert bufast med eld på åren,
her beiter sauher, her gror det bygg,

og odelsguten vert snarleg boren
så arverekkja er sterk og trygg.

Vreid var Vingtor då han vakna
og hamaren sin han munde sakna.

Skjegg han riste,
hedna han skok;
tok son åt Jord
om seg å trivle.

Men når sydausten fekk sinnesria
og knuste allting til pinneved,
når skreda rausa ner dalasida
og truga livet til folk og fe,

då svann nok trua på eige yrke
og han vart motlaus og utan ord.
Kor skulle han finna kraft og styrke
mot vonde vette' og Åsa-Tor?

Kong Olav fór på veitsler
i Hordaland om våren
og bøndene gav seg under kongen
og tok ved kristendommen,
og kongen skildest ikkje frå dei
før alle var kristna.

Sjå folket saman om kongen stimlar.
- Det eg fortel dykk er sant og visst.
Den som har skapt både jord og himlar,
er ingen andre enn Jesus Krist.

Han skal de tru på, han skal de æra,
og bøya kne for i audmjuk bøn.
Stå støtt og trufast på denne læra,
så får de livet med han i løn.
Høyr, kor kyrkjeklokka lokkar
Med ein høg og heilag klang
Alle folk og alle flokkar
Til ein hugsam kyrkjegang!
Syskin, lat oss kallet fylgja
Yver berg og yver bylgja,
Lat oss gå på kyrkjeveg ...

Katrina-klokka så vakkert helsar
frå fjerdingskyrkja i Skåla sokn,
"fornæmste" byggverket for vår frelsar,
heilt ifrå Bergen og sør til Bokn.

Hit kjem dei fjordlangs frå gard og grender
og hentar styrke frå Herrens ord,
i sut og sakn seg til Gud dei vender
med bøn om helse og grorik jord.

Dei ser i undring på meisla murar
med spisse bogar i kleberstein,
på krusifiks og på treskulpturar,
og Jesu moder så mild og rein.

Ved altarsteinen er der eit göyme,
og kva som ligg der, er løynt for oss,
men vi kan dikte og vi kan drøyme

at det var fliser av Kristi kross.

Så samlast alle på kyrkjebakken
og frettar nytt ifrå fjern og nær,
og ser om nokon lyt bøya nakken
og rida trehesten for si ferd.

Gå no av og grav mi grav,
Eg er trøytt, no vil eg sova,
Leggja uvêrskleda av
I den myrke, stille stova,
Leggja meg til kvila ned,
fara burt herfrå i fred.

Vi veit om graver frå farne tider
i store haugar av stein og grus.
På "Gjertrudsplasset" fekk vi omsider
vår vigsla gravplass med klokkehus.

Hit bar vi dei som Vår Herre henta,
og presten sa sine trøystarord
om kvar vi kom frå og kva som venta,
og la på tre skuffer karrig jord.

Her fekk vi ha dei så trygt og nære,
vi fekk sjå om dei i ro og fred,
og halda minnet om dei i ære
så godt vi makta å gjera det.

Så er den kommet dagen kjær
Som vi har ventet lenge her,
Av nåde er den runnen:
Guds hus er reist.
Fra fjern og nær
Vi samlet nu til vigsel er,
O Gud, du signer stunden!

På noggrant amtskart med grå konturar
set soknepresten ein sirleg kross.
Her skal det leggjast ut gråsteinsmurar
og reisast byggverk for Gud og oss.

Alt året etter står kyrkja ferdig,
heilt etter teikning og godkjend plan,
og det vert vigsling, så ven og verdig,
med biskop, prestar og kapellan.

Sjå skipet fyllest av gamle, unge,
ja, mange blir berre nøydd å stå,
så bøneropet får mektig runge
og lovsongsgloria likeså.

Då bispen endeleg hevar røysta,
og les frå fyrste korintarbrev,
kan alle føla den gode trøysta
som bibelordet så ofte gjev.

Men fagnadagar får og ein ende
og folk lyt syta for seg og sitt,
men no står kyrkja der midt i lende

og helsar bygda så trygt og blidt.

Her samlast me under klokkeklang,
med orgelspel og med frydefull sang.
Ja, Herren til æra me syngja skal,
so vent her i Uskedal.

Dei unge møtest og finn kvarandre,
vi høyrer brusande orgel-låt,
dei lovar trufast å saman vandre
til døden slutteleg skil dei åt.
Og dei står atter i kyrkjakoret,
men denne gongen som far og mor
til det vedunderleg vakre noret,
heilt utan make på denne jord.

Så ung og utrygg er konfirmanten
med sine tankar om tvil og tru.
Han veit at nå er han rett ved kanten
av vaksenlivet, og kan 'kje snu.

Ja, slik blir kyrkja i mangt eit minne
sterkt knytt til høgtid og fager fest,
men den som leitar kan også finne
den tru som gjer han til kvardagsgjest,

for kyrkja står der og byr oss Ordet,
det som i opphavet var hos han
som gjev oss plass innved nattverdsbordet
og lovar vera vår bergingsmann.

Tider skal komme,
Tider skal henrulle,
Slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
Tonen fra himlen
I sjelens glade pilgrimssang.

Den kvite kyrkja på "Gjertrudsplasset"
har tent oss trufast i hundre år.
Ho tolte kuler og stormar kvasse,
men like vakker i dag ho står.

For vaksne er ho den kjende, kjære,
for borna er ho blitt katedral.
For alle må då vårt ynskje vere:
Gud signe kyrkja i Uskedal.
Kyrie eleison, Gud Fader, miskunne deg.

Sitata som er brukte, er som fylgjer:

Voluspå, Edda-kvede.
Trymskvida, Edda-kvede.
Soga om Olav den heilage, Snorre Sturlason.
Høyr, kor kyrkjaklokka lokkar, Anders Hovden.
Gå no av og grav mi grav, Ernst Moritz Arndt ved Anders Hovden.
Så er den kommet, Christian Havig-Gjelseth.
Uskedalssongen, Søren Feet.
Deilig er jorden, Bernhard Severin Ingemann.
Kyrie eleison. Kyrkjelyden sitt bønerop til Gud.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

Fri omsetjing til norsk: IKKJE STÅ VED MI GRAV I GRÅT

Ikkje stå ved mi grav i gråt.
Det er ikkje slik vi skal skiljast åt.
Eg er den lufta du andar inn,
eg er eit snøfnugg på ditt kinn,
ein diamant på doggvått strå,
og åkermark med gudslån på.
Eg er det gråe gry av dag,

ein fugl sitt sterke vengeslag
som lyfter han mot himmelen.
Eg er i stjernevrismelen.
Eg er i den blygaste blom.
Eg er i det stille rom.
Eg er der når knuppar spring.
Eg er i kvar vakker ting.
Så ikkje stå ved mi grav i gråt
for vi skal aldri skiljast åt.



Foto: Normann

BYGDO

Vyrde uskedelingar,
trauste og trugne fastbuande,
sære einstøingar, motige innflyttarar
og bortkomne, rotlause utflyttarar,
vidsynte, reisevante verdsborgarar
og seige, sidrumpa heimfødingar,
alle opplesne og rekna under eitt,
kjemde med same grovtinda kam,
og med det underlege til felles
at vi kjenner oss heime her
i dette grisgrendte bygdesamfunnet
utan definert utkant eller sentrum,
slik det strekkjer seg vidt og breitt
frå det blinkande fyret i Skorpegavelen
til den einøygde lykta på Ljosnes,
frå eit blankt og blikrande Storsund
og like opp til Friheim og Fjellandsbø.

I "ytre luten" var "uskedelingar"
dei avbrende og ubrukelege fyrstikkene
som vart lagde nedatt i eska
saman med heimerulla, halvrøykte
og nikotингule sigaretsneipar.
"Huff, her var det mange uskedelingar,"
sa dei svivørdsleg neste gong
dei opna den oskesvarte stikkedåsen.

Fy flate kor ufordrageleg frekt!
Skulle det liksom vera takka
frå desse "gode grannane"
som i fleire år hadde fått berga
heile den fræge 17. mai-feiringa si
fordi musikklaget vårt hadde spelt

lange marsjar så dei kunne trø i takt
like frå Sunde til Undarheim.

Vi var forresten ikkje stort betre vi heller;
snakka om "skålagað" og "husneslus",
og sette utspekulerte og krenkjande utnamn
på våre sjølveigne sambygdingar.
Men vi vart likevel djupt såra og vonbrotna,
og reagerte med barnsleg trass og sinne
over noko så grenselaust forsmedeleg.

Vi som kom frå ein staseleg dal
nemnd i soga så tidleg som i 1403.
"Den største eiki ein hev segn um"
i Kvinnherad, var ein gong vår,
og gravhaugar frå folkevandringstida,
låg og minna om gamal stordom.

Vi var vel noko anna og meir
enn hovudlause halvtomsingar.
Vi som hadde tre skulekrinsar,
to forsamlingshus, cirkusarena
og stemneplass med utescene,
offisersgard med empiretapet
nemnd i NAF si vegbok,
kyrkje, gravplass og bedehus,
eigen kino som hadde vist
wild west og den svenske synda.

Vi som hadde heidra våre härmenn
med brisen bautastein frå eiga utmark,
som hadde revolverkanon på sokkel,
og var ein kjend og omtala kampstad
i den andre store verdskrigen.

Vi som hadde staute representantar
i rekjkja av stamhusforvaltarar,
oberstløytnantar, ordførarar
for ung og gammalt kommunestyre,
kommunepolitikarar og partileiarar,
ingeniørar, juristar og stortingsmenn,
misjonærar og skipsbyggjarar,
næringslivstoppar og professorar,
styrmenn, kapteinar og maskinsjefar
på svære skip i innan- og utanriks-fart,
gilde karar med kommunal kulturpris
og kongens fortenestemedalje,
verdsette kunstnarar og kulturarbeidaraar,
redaktørar og aviseigarar,
dyrlegar og disponentar,
driftige forretningsmenn og -kvinner,
sjølveigande bønder og ærlege arbeidsfolk.

Annakvar dag i sju samfulle vintrar
hadde vi gått på firedekt folkeskule,
pugga gongetabellen og katekisma
opp og ned, framleangs og bakleangs;
og bibelsoga og endelause salmevers
kunne vi utanåt og på rams.
Vi skreiv fantasifulle, skildrande stilar,
las heims-soge og landkunne,
og samla 20 planter i herbarium.

Friminuttane gjekk med til
slåball, jepping og fotball,
høgde- og lengdehopp med og utan fart,
hoppetau, paradis og ”slå på ringen”,
skirenn og steinhard snøballkrig
med både såra og falne.
Noko lærde vi vel av det òg.

Ivrige plussa vi så på med
eit mogningsår på framhaldsskulen
der vi lærde dobbelt bokhalderi
og å seia ”I don’t understand”,
før vi gjekk ut i lære, livets skule,
yrkesskule, jordbrukskulen på Stend,
eller gjekk opp til eksamen i alle fag
på realskulen i Rosendal, på Sunde eller Valen.
Fleire hadde ”studert” på Halsnøyo,
og nokon kom heim med svart duskelue
før dei sigla vidare i utdanningssystemet.
Alle høyrdde vi heime i den breide bygda
som var bakteppe for ”Tunet i det blå”,
der vi kunne lesa om livet og lagnaden
til Gotskalk, Heine og Bol på øya Hatt.
Vi hadde hatt unge og uredde gründerar
som sette tunge og kvernande hjul i gang,
og seige arbeidrar med godt handlag
som sleit hardt for kvar skilling
på not bruk, sildolje- og sardinfabrikkar.
Vi hadde nattopne dampskipsekspedisjonar
og krumbuer med kjappe diskenspringarar
som frå djupe skuffer og høge hyller,
kjølege lager og mørke bakrom,
henta fram kvar einaste ting vi trong,
heile det kronglete alfabetet til endes.

Vi kunne velja fritt mellom
Sigurd Arnesen, Bringedalane eller Bino,
Sanda-Marto eller Samyrkelaget.
Der fekk vi almanakk, allehånd og anis,
barberblad, bendlband og bukseselar,
pykaposar med fylte drops i lausvekt,
grøne erter og egg frå frittgåande høner,
flogepapir, fiskekaker og fajanse,
godtsmør og gummistrikk i metervis ,
hampatråd, hårnåler og hesteskosaum,
ingefær, islendarar og innleggssolar,
jester, julelys, jodtinktur og joikakaker,
kringler og kandissukker med tråd i,
linolje, lommetørkle, løk og lakrisbåtar,
mandlar, margarin og meterpølse,
naftalinkuler og hønsenetting,
ovns-sverte og eittøres onglar,
pennesplittar, piperensarar og parafin,
rottefeller, rundpinnar og rivjarn,
Sunlightsåpe, skobespararar og sukkerkavring,
talkum, tran og Tidemanns tobakk,
ullteppe og undekle,
vørterøl og vekeblad.
Alt kunne etter avtale, skrivast på bok,
og varene fritt leverast på døra
ein fast dag i veka om du ynskte det.

Tre dugande, mjølvite bakarar
konkurrerte i halvfine langebrød,

wittenbergarar og skillingsbollar
med brun kanel i alle svingane
alt 60 år før Uskedalsbrødet.

Dugande snikkarar sette opp
hytter og standard husbankhus,
og nye fiskebåtar vart spanta opp
på skipsbyggeriet i Godakastet.
Skreddaren sydde fin målsaum,
og systova kjapp konfeksjon.

To skomakrar kappast om å halvsola
både bestesko og beksaumsstøvlar,
og raggete mannfolk og snottete gutungar
vart snaua i ein fart utan at det lugga.

Kvinnene hadde alt for lenge sidan
lagt bort dei gamle krølltengene
fordi her var fritt val i damefrisørar.

Tippehuset og telegrafstasjonen
bidrog med gode kjerringemne,
og motverka tendensar til innavl,
jordmora hadde vi heime i bygda,
dokter og tannlege hadde utekontor,
her var både medisin- og mjølke-utsal,
og den kvite likkista kunne du få på dagen.

Vinmonopol hadde vi rett nok ikkje,
men fleire gode heimebrennarar,
og humlepungar som bryggja
framifrå velsmakande kornøl.

Mjølkeruta stoppa ved kvar ein rampe.
På sin salstur langs dei sølete grusvegane
vart fiskebilane møtte av
kjælne kattar og pratsame kjerringar,
og post-Bjarne spende på seg skia
så ei rekommendert sending nådde fram
til julefeiringa på Fjellandsbø
endå det ikkje heitte "bring" den gongen.
Traktor med tilhengar, og lastebiltransport
var rimeleg og lett tilgjengeleg,
og du fekk ein god drøs på kjøpet.

To romslege drosjebilar
stod klare natt som dag,
men for det meste sleit vi seige skosolar
og trødde sykkel utan gear.
Langs storevegen fanst det
bensinpumper og bilverkstader,
bilforhandlar, målarforretning og VVS.

Vi hadde eige vassverk,
Sunnhordlands lengste bru
og landets høgaste julegran
(rekna i høve til folketallet),
eigen nisse i Børsdalen,
sanddrift til lands og til sjøss,
og kraftverk på Klammeren og Kjærland.
Vi fekk sekundærstasjon og trelasthandel,
industriområde med djupvasskai,
slaktehus, gartneri og hagesenter,
sparebankfilial og kommunal bokbuss,
brannvern med høg beredskap,
gjestgjeveri og turiststasjon,
kjellarar med og utan skjenkjeløyve,

vertshus og trivelege kafear.
Til og med ein urmakar etablerte seg.

Berre vi får roa oss litt ned,
kan vi gjerne og villig vedgå
at vi aldri har hatt alt dette på same tid;
og at utviklinga har innhenta mange.
Brigta-garden, bokerverkstaden
og gammeskulen på Haugland
har vi gjort om til bygdetun og museum,
men gode og veldrivne verksemder
veks villig fram, utvidar og aukar i drift.
Post i butikk og høgt premiert fiskemat,
gilde gjestehamner og utleiehytter,
bilutleige, blomebutikk og brukthandel,
gardsturisme og eksklusiv gardsmat,
eigedomshandel og bustadprosjekt;
og Uskedals-sida er komen i tillegg til
Døsslands-sida og Kjærlands-sida.

Før i tida, det vil gjerne seia
for ein god mannsalder sidan,
var vi rørarar og padlarar,
skorparar og muslendarar,
busette innafor eller utafor brekketoppen,
oppe i dalen eller nede ved sjøen.
Lommekjende i kvar vår grend,
visste vi vel kva gravferder vi skulle gå i
for å søma sedene når ein nabo fall frå.
No bur vi i Halsabrotet og Skårhaug,
Korneset og på Uskedalen Brygge,
men kven var vi opphavelig,
og kva er vi etter kvart blitt til?
Finst det ein minste felles nemnar
godt gøymd i natur eller folkelynne?
Og kor er vi på veg?
Eller kanskje vel så viktig:
Er vi på rett veg?

”Ei venare bygd trur eg ikkje her er”
stemde vi i av full hals
i den gamle skulestova.
Sjølv om vi berre hadde vore
ein snartur i Rosendal,
på ein skuletur til Skånevik
eller til Bergen på julehandel,
let vi songen tona ut, fritt og fullt,
og avslutta så med eit haltande enderim
som sanna at det var vent her i Uskedal.

Det var dei majestetiske fjella våre
vi song så samstemde om;
denne kappekledde kongefamilien
med dei klassiske profilane
”som fell farande folk i auga.
Dei lyfter sine blåe toppar og kambar
og kvite snødokkjer mot høg himmel,”
som det heitte i Kvinnherssoga
til salig Arne Stuland.
Dei hadde sendt storskreda på oss,
og stengde rett nok stygt for sola
gjennom to dryge vintermånader

så vi ofra smør når dei fyrste strålene
traff solveggen den 25. januar.
Kjende vi oss innestengde av slikt?
Vi kunne blitt eit isolert folkeferd
djupt inneslutta og med tunge traumer,
men tindane vart ei ropande utfordring
for friske fjellgeiter av alle årgangar.
Vi klatra opp på dei høgaste toppane,
såg det blanke sundet og den buktande elva,
den grasgrøne dalen og dei grå skifertaka,
i vidt og frigjerande fugleperspektiv;
og heile landskapet opna seg.
Langt, og lenger enn langt,
der ute bakom Storden og Siggjo,
boga den disige horisonten seg,
og vi skjøna at jorda var rund,
og at vegane kunne falle så vide.
Så uskedelingar med utferdstrong
har grave etter opalar i Australia,
bestige Galdhøpiggen med sykkel,
gått til fots heile landet på langs
frå Lindesnes til Nordkapp,
sykla gjennom alle norske fylke
og besøkt fleirtalet av verdas land.

Det var mørkt og brådjupt
i min barndoms blikrande fjord,
ufarleg og sutalaust å leggja til land.
Sørausten laga kvasse kvervlar ute i sundet,
men redningsskøyta var berre innom
i den dramatiske filmsnutten
på den årlege basaren til Redningselskapet.
Kunne dei verkeleg greia seg, skøytnene våre,
når dei la ut på langferd til ureine farvatn?

Jau, så men!
Stolte såg vi dei stemna heim att,
"Maagen" og "Mannsfjell",
"Solfjell" og "Strømpil",
"Svanen" og "Nøkken"
og gamle "Sandajekto",
nett som vår tids motige shetlandsfararar
etter harde basketak i storm og uvêr.
Storsund må vera ein tenleg tumleplass
for framtidige sjøfararar,
for mange reiste ut på dei sju hav.

Heiderskrona, gamle HSD-båtar
som "Ullensvang" og "Vikingen"
med sine håse dampfløyter,
korresponderte på Beinavikjo.
Det kvein i slitne dampvinsjar
når tunge kolli vart lasta om
og sende vidare innover fjorden.
Som tidtrøyte sundag ettermiddag
samla bygdefolket seg på kaien
for å sjå kven som kom og kven som reiste,
undrande over kva ærend dei kunne ha.
Og hos konkurrenten "Lønningdal"
var billetten til byen så rimeleg
at ein mann med eplekasse
kunne selja frukta på torget,
og venda heim att med forteneste.

Ei ny og moderne tid melde seg
då "Kvinnherad" fossa gjennom fjorden
og laga grov sjø som kunne knusa
både småbåtar og slarkne naustdører.
Seinare tok "Halsnøy" oss trygt og trufast
via Vikane, Malkenes og Nordtveitgrend,
over Bjørnefjorden og fram til Osøyri
der bussen sende oss ut på siste etappe
mot reisemålet vårt, Bergen by.
I dag fyk snøggbåten gjennom Storsund,
og har ikkje tid til å leggja til kai
så dei reisande kan sjå nærmere på
kva vi driv med, og kor vakkert her er.
Vi må ta til takke med bussen
som ikkje er raud lenger, men kvit,
og med logo og firmamerke
som får oss til å fundera på
om ein slik "skyss" kjem fram i "tide".
Eller vi brenn eigen diesel og bensin
og betaler dyre bompengar
berre vi skal besøkja slekta
i Odda eller på Halsnøy.
Kor er vi på veg?
Er vi på rett veg?
Lite veit eg, anna enn dette:
Vegen attende er ikkje vegen fram.

"Herre, skje Jesses,
Gud Fader bevare meg!"
sa den gamle fritenkjaren Kristoffer
då vi kom på uventa eggkjøp
i frisk blåst og ruskevær.
Vi veg ikkje orda våre på gullvekt
her i bygda, og skil ikkje
så nøye mellom skit og kanel.
Dei få høflighetsfrasane våre
er endeframme og hjelpeause,
noko vi flauleg fort merkar
når vi kjem ut i verda
eller hamnar i finare selskap.
Vi orsakar oss gjerne med
at vi berre er oss sjøve,
men er nok meir i slekt med Peer Gynt,
og han var som kjent, seg sjølv nok.
I storstaden Bergen skjøna dei lite
av det bondske heimemålet vårt.
Vi sa "hu hi" og "han hin",
"bygdo" og "da der",
noko dei ikkje forstod
på Nordnes og Møhlenpris,
der byfolk med røtene sine i Sunnfjord,
rekna oss for ubehøvla strilar
som hadde gløymt kipa heime
når vi kom med posar og pakkenellikar
for å nå dampen etter å ha gjort unna
den årlege julehandelen.
Likevel var "bygdo" som ord og omgrep,
både heimsleg kjent og kjært.
"Eit område med spreidd busetnad
som utgjer ein naturleg heilskap",
heiter det så greitt i ordlista.
Konklusjonen gjev seg sjølv:

Blir den naturlege heilskapen borte,
er det berre spreidd busetnad att.

Kva gjer vi så for å hindra
at bygda vår berre smuldrar bort?

Ein gong levde vi i den blåøygde tru
at om vi var gode nok i politisk spel,
kunne vi hevda rettane våre, og vinna
både prinsessa og halve kongeriket.

Men både rosekorta og gevinstane
var fint fordelte på førehand
i den evindelege dragkampen
mellan indre og ytre luten.

Då potten var sopt av bordet,
sat våre folkevalde flaue att,
parkerte mellom to stolar,
frustrerte over stramme budsjett,
overordna statlege pålegg og føringar,
og ein sterk kommuneadministrasjon
som sat med bukta og begge endane.
Berre nokre få let seg freista til attval.

To menneske kan lett koma til
å ryka i tottane på kvarandre.
I ei bygd med tusen innbyggjarar
ligg det uvanleg godt til rette for
både krig og ukristeleg krangel,
men uskedelingar må vera ein fredsæl sort.

Her har bedehusfolk og frilynde
levd sine saktmodige liv, side om side,
og til og med halde kvarandre i hendene
i tredje ringen på juletrefestane.+
Lars-Anders og Jan-Anders har vi sett
både i ungdomslaget sitt spelstykke,
og i lys, levande livet,
både på felles fjellbeite og utskift utmark,
men usemjø har sjeldan enda i retten.
Motsetnadene toppa seg truleg den 1. mai
då arbeidarane dressa seg opp

i dei beste sundagskleda og heldt helg,
medan bøndene synte si forakt,
og spreidde mørk på nypløygde åkrar.

Innflyttarar som av ulike årsaker
steig av på ein av våre stoppestader,
vart sjeldan tekne imot med opne armar.

Dei fekk først syna oss kven dei var,
og kor gode dei var;
om dei var lik oss;

om dei var like gode som oss.

Dersom dei var betre enn oss,
var det heilt greitt å dukka dei litt
så dei fann den rette plassen sin.

Bygdedyret, denne tevande gardabikkja,
vart høgtideleg gravlagd her i dalen,
men svært mykje talar for
at Janteloven framleis lever.

Underleg nok vart fleire innflyttarar
bygda sine beste samfunns-støtter.

Med turistane er det noko anna.
Vi set opp vakre blomedekorasjonar
og kunstnarleg utforma skilt

med "Velkomne til Uskedalen!",
og let øldrikkande tyskarar frå Bayern,
med lederhosen og sportsfiskarsertifikat,
bærbare ekkolodd og anna nymotens utstyr,
leita etter den siste seien i Storsund.

Djerve bergenske tindebestigarar
heng som husfloger på vegg
i dei skredblanke stupa i Nòso,
Farande fantar frå vidt og breitt
leiger dei ledige plassane våre
i landets mest velstelde båthamner,
og campingturistar byggjer tretelt,
set opp verandakassar og stakittgjerde,
og lever i håpet om å ta storauren i elva.

Og i nokre fine feriemånader
med solskin og sommarregn,
jonsokfeiring og låvedans,
hyggjer vi oss saman med
hyttefolk og glade tilreisande.

Dei grønkledde fotballheltane våre
har ofte hausta jubel og glade tilrop på Heio,
men til Champions League kom dei aldri.
Musikkлага har heller ikkje drøymt om
å halda konsert i Royal Albert Hall.

Men alle har dei konkurrert
med friskt mot og stor innsats på sitt nivå,
og fått fortent skryt for det dei gjorde.
I slik grorik jord, veks det gjerne ein gong
fram ei spire som kan bli til noko større.
Men korleis er han no eigentleg skrudd saman
denne originale og underlege uskedelingen
som vi alle gjerne vil tru at vi liknar på?
Kan vi finna dei elementa som i sum
skaper den særprega identiteten hans?
Er det i hjarta eller hjernen det ligg?
Er det arven eller miljøet som har skapt han?

Er det dognadsånda og eigeninnsatsen,
denne fordekte fattigmannstrøysta
som så ofte har vore vår måte
når vi ville skapa noko til beste for alle?
Eller er det dei ihuga eldsjelene
som vi ikkje kunne greidd oss forutan,
og som har brukt mykje av si tid
og alt sitt overskot gjennom eit langt liv,
til beste for bygda og fellesskapet.

Var det ikkje slik dei vart til,
alle stemnene, Uskedalsdagane,
aktivitetshuset og idrettsbanane,
båthamna, bygdetunet
og Dønhaug-samlinga,
lagshytta Fjelly og 1. mai-stafetten,
Festidalen og Uskedalsposten?

Jau, sjølv sagt og sikkert,
men det er ikkje den heile og fulle sanninga.
Sjølve formelen og den endelege fasiten
er det "Røysterett for alle" som sit med.
Når songen deira tonar, høyrer vi alle
at samspelet og samklangen er så mykje meir

enn summen av dei einskilde stemmene,
og kvar songar ber i seg den varme kjensla
av at han og ho er skaparen av dette.
Her ligg heile løyndomen og halve krafta
som driv uskedelingane framover.

Han såg det godt Herbrand Lavik:
"hele tilværet til alt dalfolket
var vevd i hverandre så tett
som de grønne og rauda smettene i en vev."
Kanskje har vi òg lært noko
av den blanke auren i ønskje-elva.
Han søker heimatt til sin fødestad,
og ser ut til å trivast best
med å symja motstraums mot målet.
Og så har vi lese Mark 3,25,*)
og prøver å leva etter det.

Men eitt må likevel leggjast til:
Kjem du ikkje med på laget,
og finn du ikkje den rette tonen
og fell fint og umerkande inn i koret,
kan det bli tunge og triste dagar;
for det er no eingong slik
at ingen kan tvingast til å trivast.
Med sår på sjela kan du kjenna på
at du berre er med på kjøt og flesk,
og i slarvet rundt dei mange kaffiborda.

Sanneleg har vi framleis stort rom
for vidare utvikling, skaping og vokster.

*) Mark 3,25: "og kjem eit hus i strid med seg sjølv, kan det huset ikkje bli ståande."



Foto: Wikipedia

HUSNELSUS

(Eit vemonig farvel med det gamle Husnes
- og eit nølande velkommen til det nye)

*Brislingefiske i heimslege fjord,
småbrukarstrev på ei tungdriven jord,
helgedagsfred over værsline hus
- Kven var vel Husnelsus?*

*Smelteovnshallar i durande drift,
innflyttarframand på førmiddagsskift,
leittmetallslukka i sus og i dus
- Kven er vel Husnelsus?*

*Friheim med festar som krevde sin kar,
bedehusmøte med bøn og basar,
kaffi til alle med kopp eller krus
- Kven var vel Husnelsus?*

*Samfunnshus, vinstova, pub og hotell,
bingoog lotto for dei som har hell,
jazzklubb med raudvin, og rock imot rus
- Kven er vel Husnelsus?*

*Gamaldags krambu som handla med alt,
kjolatøy, lampaglas, sukker og salt,
kaffi og skråtobakk, kandis og snus
- Kven var vel Husnelsus?*

*Snarkjøpsbutikkar i senter og torg,
plastpakka varer i pose og korg,
pizza og pils, sjokolade og brus
- Kven er vel Husnelsus?*

*Tidene skifter så sorgjeleg fort.
Gamalt vert eldre, forsvinn og fell bort.
Nytt kjem i staden og somt fell i grus,
men ingen er Husnelsus.*



Foto: Terje Myklebust

GUSTAV

Tone: Ola Tveiten

Eg heiter Gustav Bergstø, og eg er ein heidersmann
med skallen full av planprosjekt for både folk og land.
Og bjørnensov i sitt vinterhi, men det gjer ikkje eg,
for heile tida har eg nye planprosjekt på veg.

Ideane ynglar ret tog slett
- Sudelida sudelidei!
dei villaste du har sett.
- Sudelida sudelidei!
Og eg er seig og eg er sta
og eg kan skriva godt i bla'
kvar gong eg ser at ein plan er bra.
- Sudelida sudelidei!
Tra la lalala la!
Der kom ein ny idé!

Eg slo meg ner i Gullvik der eg bygde meg eige hus.
Eg grøfta Korsnesmyra, sprengde veg og la på grus.
Så sette eg opp verkstad - ja, det skjedde i største hast,
for eg ville laga båtar i aluminium og i plast.

De hugsar vel "sjøens folkevogn",
- Sudelida sudelidei!
kjend frå Haugesund og til Sogn!
- Sudelida sudelidei!
Eg hadde funne lukka mi.
No sku' eg leva sorgenfri,
Men det enda med havari.
- Sudelida sudelidei!
Tra la lalala la!
Der kom ein ny ide!

Eg tenkte på chinchilla, men eg tok ingen risk,
så denne goingen slo eg til med oppdrett utav fisk ...
Og auren trivdest i merden sin. Han åt seg feit og fin
på småkryp som eg fanga i ei flytetrålgardin.

Så satsa eg stort og hadde flaks.

- Sudelida sudelidei!

Eit Øyerhamn fullt av laks.

- Sudelida sudelidei!

Nei, det var ingen fantasi,
men før eg fekk tenkt over lukka mi,
vart eg kjøpt opp av eit kompani.

- Sudelida sudelidei!

Tra la lalala la!

Så kom ein ny idé!

No slo eg meg på solbær, og leverte mold i lass,
forsøkte meg med geitaranch og selde kumadrass.
Men skråbakkehareplanen min, den beit du vel ikkje på,
og campingvogn med fiskedam star enno att å sjå.

Eg trur du blei rett og slett i stuss

- Sudelida sudelidei!

då eg dyrka tomat i buss.

- Sudelida sudelidei!

Og det skulle blitt sensasjon
om eg og han Gustav fekk konsesjon
på å byggja oss kraftstasjon

- Sudelida sudelidei!

Tra la lalala la!

Så kom ein ny ide!

Og eg og guttagjengen vi hogg skog oppunder fjell,
leverte lass med ved i sekk til SAS Royal hotel!
Ja, dermed vart eg kjendis. Eg fekk biletet mitt i bla'.

Ein vedakongetittel tykte folk eg burde ha.

Og så var det Angus Aberdeen.

- Sudelida sudelidei!

Eg sende ei steik så fin.

- Sudelida sudelidei!

i ein pose frå Servicemat
til Hallvard Bakke, min kamerat,
som ei takk for ein grepa prat.

- Sudelida sudelidei!

Tra la lalala la!

Det var ein god idé!

Eg drøymer om ein himmel, og eg ser eit paradis
der alle mine planprosjekt er sette høgt i pris.
Der ungdommen driv med motorsag og ryddar skog og kratt,
og ingen fører rekneskap og ingen krev inn skatt.

Og Gustaven han er i sitt ess,

- Sudelida sudelidei!

i støvlar og kjeladress.

- Sudelida sudelidei!

Men om det ikkje sku' stå te,
så veit eg ein annan som treng ved
te å gjera det glodheitt med.

- Sudelida sudelidei!

Tra la lalala la!

Det var ein ny idé!



Foto: Huglabutikken

Til skipperen på den stolte skuta, skonnerten "Storm" av Storsund

Jordkula, blenkjande blå i sin bane,
har styring mot målet ho aldri skal nå,
men vi finn oss også ein veg og ein vane,
litt usikre på korleis dette skal gå.

Refr.:

You've a jolly good ship
and a jolly good crew
skonnerten "Storm" av Storsund.

Sola og havet er deler av svaret
på gåta om livet og lagnaden vår.
Vi skulle så gjerne ha sigla av garde
så langt fantasien og sjøkartet når.

Refr.:

Sjøen er strakaste veg på vår klode,
og vikingar visste det lenge før oss,
då dei sette kursen mot Vinland det gode.
Gje du no kommando så kastar vi loss

Refr.:

Roleg, men rådsnar må skipperen vera,
for utrygg forsikring er anker og kross.
Og sjømannskap krevst det om båten skal bera,
på skipsdekket kan berre ein vera boss.

Refr.:

Sjøklar er skuta, fordel dine gastar,
så helsar vi høvisk med skot og salutt,
men hugs der du sigler at ingen ting hastar
for når du er framme, er reisa di slutt.

Refr.:

Draumen er ofte ei lukke i livet,
han kan verta røyndom for den som gjev tol,
og desse små vers har eg dikta og skrive
til ein som har sjølvaste draumen som mål.

Refr.:

You've a jolly good ship
and a jolly good crew
skonnerten "Storm" av Storsund.



Bøkkerverkstaden på Rød

JENS BØKKAR

(Tone: Waltzing Mathilda)

Eingong drog Jens fiskar fira barka bobmudlsgadn
opp or ein signa og sildarik sjø.
Og han song mens han sleit og drog so salte svetten radn:
No blir da feitsild i tydno på Rød.

Feitsild i tydno, feitsild i tydno,
trebmande fudle blir tydno på Rød.
Og han song mens han sleit og drog so salte svetten radn:
No blir da feitsild i tydno på Rød.

Godlynt sat Jens fiskar stappmett ved sitt middagsbord,
let berre tankane ulma og glø.
Og den gåto han såg, fekk der og då sitt løysingsord:
Kvistfrie tydne ska lagast på Rød.

Kvistfrie tydne, vasstette tydne.
- Eg ska bli bøkkar og laggar på Rød.
Og han sudla og song dasama gladaløysingsord:
Kvistfrie tydne ska lagast på Rød.

Vyrke vart so kjøpt frå god og gagnleg oppgongssag,
no sku da byggjast på sjøleigen bø.
Og dei tralla og song i gromt og trivlig kransalag:
Her står Jens Bøkkar sin verkstad på Rød.

Kvistfrie tydne, vasstette tydne,
tydne te gadnfanngst frå sildarik sjø.
Og dei tralla og song i gromt og trivlig kransalag:
Her står Jens Bøkkar sin verkstad på Rød.

Soleis fekk Jens Bøkkar mong ein trivlig arbeidsdag
her i si verksemd med naustplass og stø.
Og han såg te at alt vart gjort med beste handalag:
Kvistfrie tydne med merkje frå Rød.

Kvistfrie tydne, vasstette tydne,
sette i stavkrakk, og banda på Rød.
Og han såg te at alt vart gjort med beste handalag:
Kvistfrie tydne med merkje frå Rød.

Derfor kan Jens Bøkkar kvila på sitt manndomsverk
samen med adle so her fekk sitt brød.
Her e' meiningsjø vår so jygrefast og risesterk:
Finaste tydno va' laga på Rød.

Finaste tydno, finaste tydno,
finaste tydno va' laga på Rød.
Her e' meiningsjø vår so jygrefast og risesterk:
Finaste tydno va' laga på Rød.



(Foto: Forsvarets museer)

VERMELDING MED MORAL

Ein gong i den gamle tida
var fanejunkeren gjest
hos proprietæren Bruse
som baud inn til nyttårsfest.

Og vener og vel forlikte
dei sessa seg kring hans bord,
og ingen gjekk tom for drikka
og ingen for store ord.

Det lei mot det nye året
då fanejunkeren trong
å sila litt sø av flesket
ei stund då dei andre song.

Han stolpra seg gjennom døra
og utan mykje kommers
så kom han seg inn or mørkret
i slutten av siste vers.

- En stille og vakker aften,
men ingen stjerner at se,
slik melde han frå til verten
og tok seg ei skål på det.

Moral:

- Gjer deg kjend i grannens hus
så du ikkje i ein rus
tar ein tur i bestestova
når du skulle utom nova!

(Denne hendinga vart av bygdefolk lagd til Uskedalen.
Alt talar vel for at det er ei vandrehistorie.)



USKEDALEN.NO

Det hender så mangt no for tida
i landet og verda den vida.
Det som skjer her lokalt
finn du alltid fortalt
om du går inn på Uskedals-sida.




Foto: uskedalen.no
OLA MATTI MATISEN

Redaktøren vår har gått frå borde.
Om andre har overtatt roret,
vil du framleis vere
den inderleg kjære
og omtykte «Riddar av ordet»



FESTIDALEN

Det rocka så hardt inn' i dalen
at kjerringa sa til gemalen:
- Finn swing-skoa fram,
og Brylkrem og kam
så går vi på den festivalen.



BÅTHAMNA

I Dagbladet er det dei kan det,
og no har vi sett at dei fann det
vi lenge har sett
og hevda som rett:
Vi har likaste hamna i landet!



Foto: Heimesida til Tore Sergei Myklebust

TIL TORE

Du gleder oss virkelig Tore.
Du synger som en av de store,
med sjarme og stil.
Vi er ikke i tvil
om at her vil du gjøre furore.



Foto: Einar Gjertsen

USKEDALS-SOLA

Då Sven slo frampå at mørkret rår
i Uskedalen frå haust til vår,
kom svaret kvasst og i same stund:
- Jau, vi har sola så raud og rund.
Ho vaktar vi som ein edelstein,
men vis' ho ikkje til kvar og ein!

(Fritt sitert etter Magne Huglen)



Foto: uskedalen.no

SPAR

Heilt frå Marto på San'en og man'en
dreiv krambu, har folk hatt den vanen
at mangla dei eitt
eller ant, va da greitt
å gå og få kjøpt da på San'en.

Og opp gjøno skiftande tide
va vilkåro temmelig stride,
men stadig og støtt
vart vi likavel møtt
av folk so va nett lika blide.

For Hjørdis og Harald va vene
med adle, og vene fortene
at da går dei godt,
men dei hadde òg fått
dei likaste handelsmannsgene.

So kom ungdommen idn og tok øve.
Vi har sett dei har kjempa som løve
Kvar einaste dag
har dei jobba på lag
for at folk ska få da dei behøve.

Og i dag kan vi feira tre jente,
Gunn Mari, syster Kjersti og Bente
som vant fyrste pris
på meisterlig vis
og fremdeles har mykje i vente.



Foto: Store norske leksikon

HØNA PÅ RØD

I helkøyrd vart høna på Rød
då hanen sprang på for åfrø.
Frå jenta på garden
så kom kommentaren:
- Ho kjempa, men valde å dø.



Foto: Pixabay

OPPSEGING

Eg vart oppdregen. Det var heilt topp,
og til beste for sjel og for kropp,
men det kan eg sanna,
det var noko anna
enn frimodig og fritt veksa opp.



Foto: Ola Matti Matisen

SNØGÅSO

Tone: Lenda frå Land

No skal du få høyra ei soge eg fann
om snøgåso oppe i Nòso,
eg kan gjerne sverja på at ho er sann,
så slepp du å tvila på slåso.

Vi veit at når sommaren lakkar og lir,
og ingen kan mata seg lenger
der nord i det rimbrosne, kalde Sibir,
går gjæsene flokkvis på venger.

Så flyg dei av garde i v-forma plog
til varmare land sør i verda.
Dei brøyter seg fram over sletter og skog,
og snadrar om fører på ferda.

Ein gong kom ein gåseflokk heilt ut av lei,
og baska seg trøytte i vinden,
men her skal det berre forteljast om ei
som styrtar ved Geitedalstinden.

Når nauda er størst, så er berginga nær.
Ein bonde med gard ned i dalen
var nett denne dagen i fjellet på ferd
med buhund og såg etter smalen.

Og rakken fekk teven og tok til å gøy,
og slik fekk dei spora opp gåso
som låg der og kurde, klarert for å døy,
i ulendet borte i røso.

Eit syn altför sterkt för ein dyrekjär kar,
så hunden laut ta seg av söya,
og mannen tok fuglen i fanget, og bar
ho heimover göymd under tröya.

Vel heime fekk gåso det likaste stell
med meiskande mat og med drikka.
Ved eldstaden låg ho på saueskinnsfell,
og blidt på sin bergingsmann kikka.

Det var eit Guds under koss ho kråna til
der inne i ståket og skratten,
og fuglen som føddest så var og så vill,
var snart like husvarm som katten.

Så gjekk det mot vår og eit linnare lag,
med grogrøne bakkar og enger,
då strekte ho på seg og slo nokre slag
med friske og utkvilde venger.

Det låg nok ein lengt langt der inne på lur,
mot livet i samver med sine.
Du kjenner nok sjølv slik ein trekkfuglnatur
kvar gong du er borte frå dine.

Ein skyfri og strålande forsommardag,
med gardsarbeid ute og inne,
kom lyden av kraftige startvengeslag,
og der såg dei fuglen forsvinne.

Og kursen ho styrde, var strakt imot nord,
ho gjord' ikkje teikn til å vende.
Frå bonden kom berre fem stillslege ord:
"Den ferkja kjem aldri attende."

Men morgonen etter då unghanen gol,
var sommaren komen med vinden.
Ja, snøfonner smelta som smørklatt i sol;
og oppe ved Geitedalstinden

i brattaste, blåsvarte bergveggen stod
ei snøgås og såg ned på garden.
Det var som eit makelaust bilde av ho
som nett førre dagen var faren.

Då bøygde vår bonde sitt hovud i bøn
og takk for den gudgjevne gesten:
ei tagal, men talande livbergingsløn
med helsing den fjørkledd gjesten.

Ja, dette, i korte og avstutta drag,
var soga om Uskedalsgåso,
og ser du mot høgda ein midtsommardag,
så står ho der oppe i Noso.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

MELDERSKIN

Melderskin -
kappekledde majetet!
Sveipt i snøkvit hermelin
kjører du din blå karet.

Snøen svinn -
som eit kjede i din famn
renn dei elvar seg i tvinn
som har gjeve bygda namn.

Risetraust -
glødd av same sol som skein
den gong dagen rann i aust
så du brått vart sett i stein.

Vend mot vest -
kvardagskledd i vadmålsgrått
kjänner vi deeg aller best,
løyndomsfuller skoddedrott.



Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall

KVEDE OM OSKUDAL (eller "Stel litt frå Edda")

Årle i old
såg eg ørner sigla
over svart sjø,
kvassøygd leitande
etter land og livsvon,
vokster og vår.

Høgt frå himmel
draup heilagt vatn
i doggfull dal.
Gjennom døkke lier
rann elva Osk
fredfullt mot fjorden.

Skyme skuggar
i djupsvart høl;
men blank etter buken,
feit og fin,
var auren som leika
i ynskjeelva.

Kvitebjørn-kongen,
runde ruggen,
skygde for sola.
Berre dei bjartaste
gull-lokkene
glima i nord
der ljósbrunte
drembedrosa
freidig stod fram
i all sin venleik
og baud belaren
varmt velkommen.

Høgt til hest
reid djerfe drotten
over fjella fram,
over huldreheimar fram,
gjennom drivande røyk
og leikande meinlogar.

Unge Odins-sonen
med sverdet
som sjølvo seg brår,
var hit komen;
skulle henta
si fagraste frille.

Veidande varg
frå aude vidder,
vende nasen mot vest,
spissa øyro og lydde;
vêra vanlagnaden
som var i vente.

Det gøyste eiter
og gneistar spruta
or gapande munnen
på fråneormen;
flygande draken,
vond i villskap.

Uvettet ylte,
det óma i fjell,
heile utgamle
jorda ho skalv
då spjot vart sett
i ormeryggen.

Ser vi i dag
kvilande kvitebjørnen,
ulveøyro som lyder,
hårute hestemanen
og draken daude.
Alt sett i stein.

Solvarm og tom
står brurebenken
der ho eingong sat
gullhårs-drosa
som drotten henta.

Kvar er dei no?

(Til dette dramaet kan det kanskje høva med ei rettleiing for dei som ikkje utan vidare kjenner att dei naturgjevne kulissane som set ramma for hendingane.

Skorpo vart av forfattaren Herbrand Lavik fleire gonger samalikna med ein drake som med høg rygg og hovudet vendt mot sør, låg og vakta over bygda innafor. Sett i fugleperspektiv, ligg Skorpevatnet som eit djupt og dødeleg lansesår i den kraftige ryggen.

Fjellet Manen, i ein av uskedalssongane feilaktig kalla Mannen, og som namn på fabrikkskøyta skrive som Mannsfjell, har namnet sitt etter forma som tydeleg er manen på ein hest.

Englafjell, har ikkje noko med himmelske skapningar å gjera, men har truleg sitt opphav i den kvite kappa på det dominerande fjellet som ligg og skygger for sola deler av året. I min fantasi vert dette difor Kvitebjørnen.

Ulvenosa er enklare. Med dei spisse øyro mot mot himmelen, og nasen vend mot Englafjell, tydeleg å sjå frå andre sida av dalen.

Solfjell med solgyllte toppar vert i desse omgivnadene som ein brurebenk for ei vakker kvinne.

Inn i dette landskapet finn så Odins-sonen vegen og vinn sin kamp.)



Bildet er tatt av [jimmyrage](#) fra [Pixabay](#)

SÅ TEIER EG

Det er ikke ord for alt,
alt kan ikke seiast,
må ikke seiast,
skal ikke seiast
- og godt er det.